

Vegen fram



Norges Kommunistiske Studentforbund

Universitetet i Tromsø

Årgang 2 - Nr. 2 - 1975

Stå på i husleiestreiken

Kor står streiken i dag? Kva kan vi lære av kampen til no? For det første ser vi at **fienden er sterk**. Staten og reaksjonen veit at vi studenter har få **kampmiddel**, og at det er lettare å splitte/demoralisere studentar enn arbeidsfolk. Staten sin taktikk har vore innretta på dette, i ti månader no har staten drive uthaling og ignorert oss fullstendig. Staten har jamvel nektet oss tingingar! Staten har hatt lukke med seg i denne «utmattingslina», mange studentar har gått «trøyte», dei ser ikkje utsikt til siger og vil difor ikkje vere med i streiken lengre. (Jfr. oppslutninga om streiken, som har gått ned frå 95% til snaue 60%.

No ser staten (gjennom Samskipnadstyret) tida inne for å **trappe opp** angrepa på streiken, til å nytte ei «hårdare» line: Dei streikande skal verte jaga vilt på ymse vis, gjennom trugsmål om rettslig inkasso, namsmann, utkastning m.m. Staten nyttar «kjeppen» og meininga er å gjere oss mjuke.

Kvifor gjer så staten dette? Dei krava vi har reist, tydar nærast **ingenting** for staten i økonomiske uttellingar, og staten har sjølve måtte gjere oss saleleg rett: Studentane har fått dårlegare økonomi dei siste åra. Det er altså ikkje økonomiske grunnar til at staten vil knekke husleiestreiken, det staten fyrst og fremst er ute etter, er å **knekke kampviljen til studentane**. Vi «ulydige» skal lære at det ikkje nyttar å kjempe, og om staten maktar å krosse husleiestreiken vil det tyde mykje for studentkampen framover: Når vi reiser krav fremover, vil staten flere enno råare av krava våre enn no og seie at vi veit jo kor alvorleg vi treng å ta dykkar! Dein styrken og einskapen vi syner i

husleiestreiken vil såleis tyde mykje for **studentkrav og studentkamp framover**.

Fienden vår er sterk, og har vist seg viljug til å nytte alle middel for å knekke oss.

For tida er det fienden, staten som går til offensiv, og freister å skræme dei husleiestreikande frå å halde fram med streiken. Ein slik fiende vil slik stoda er ikkje gje oss noko resultat. Det kan vi berre oppnå ved å stå i mot freistnadene på åkrosse husleiestreiken! Vi har eit våpen som kan gje oss sigeren, nemleg **einskap og kampvilje**. Om dette sprek, sprek alt, difor er det her hovedåta mot streiken kjem.

T. d. nyttar staten no «kjeppen» mot dei husleigestreikande, og **di fleir** som fell ifrå, di meir vil staten verte oppmuntra til å piske laus på dei som vil halde fram med streiken. Det einaste som kan hindre staten i å gjere røyndom av trugsmåla sine er at så mange som mogeleg står imot presset og nektar å bøye nakken! All veikskap og splintring i streikefronten vil vere ei oppmoding til staten om å piske laus til den siste restanskrona kling i kassa.

Men det viktigaste åtaket mot einskapen i streikefronten kan kome innanfrå, i høve til dei tingingane som skal vere mellom streikekomitéen og samskipnadstyret. Frå andre streikekamper kan vi lære at det viktigaste for staten og monopolkapitalen er å **få brutt opp streikefronten og lagt ned kampen**.

Og SS-styret veit utmerka godt kven som er på offensiven no, slik at dei etter alle solemerke berre vil kome med ein liten «sukkerbete» i

forts. side 3



Bli med i progressiv front!

Studentane i Tromsø har vore med i ei rad kampar mot staten sin utdanningspolitikk, markert seg mot imperialismen på ymse vis osv. Dette er utmerka, og noko vi må halde fram med. Samstundes så har studentkampen lidd av feil. Noko av det som har hindra oss mest, er at vi har vanta ein demokratisk aktivistfront som ein stabil ryggrad i studentkampen. At det har vanta ein slik front har særleg leia til to feil: Mangel på demokrati og «opp som ei løve - ned som ein skinnfell»-stil i dei kampene som har vore førd.

Litt meir om korleis desse feila har arta seg: Det har mykje vore utspel frå einskildpersonar og organisasjonar (t.d. NKS) som har prega studentkampen, ikkje demokratiske frontdiskusjonar i mellom revolusjo-

nære og progressive studentar om den politiske lina for studentkampen. Avdi vi har vanta ein stabil front, har det også vore så at etter stora kampar har fronten «klappa saman» t.d. i kampen mot Stm. 17.

Vi trur studentkampen vil ta fleire steg framover om det vert skipa ein sterk Progressiv Front på Universitetet. NKS vil gå inn for og stø skipinga av ein slik front. Det politiske grunnlaget for fronten kan han berre sjølve kome fram til gjennom drøftingar. Vi meiner at eit utgangspunkt for drøftingane kan vere:

I Fronten må setje kamplina opp mot byråkratiske og parlamentariske liner i studentkampen.

forts. side 3



Avisa til NKS - Universitetet i Tromsø
Ansvarlig: Oddvar Nygård

Bryt med SV-ledelsen!

SV er et borgerlig arbeiderparti. SV-ledelsen går inn for statsmonopolkapitalisme, for å sikre seg sjøl bein i klassestaten. De saboterer aktivt alle kamper arbeidsfolk og andre grupper av folket fører mot staten og monopolkapitalen. Videre er både SV-prensa og partiapparatet i stor grad finansiert ved statsmidler. Det er derfor ikke **tilfeldig** at SV i sak etter sak er sabotører, jfr. momsens, husleiestreiken i Oslo/Bergen, abortsaka, sabotasjen i alt streikestøttearbeid osv.osv.

SV sin taktikk for å legge ned ulike kamper er forskjellig. SV-erne Værnes og Syrrist hadde sikra seg sjøl toppstillinger i Samskipnaden, og kvitterte med å sette inn politi mot streikende medstudenter. Andre deler av SV har hatt en «lurere» taktikk, ved f.eks. å stille umulige vilkår for fortsatt husleiestreik. På Kringsjø fikk således SV kasta streikekomiteen og valgt en ny som skulle fortsette streiken i fall man oppnådde «enhet med de ansatte». Og hvilke ansatte — bl.a. en kar som Jan S. Lien, som spilte ei framtrekande rolle i angrepene på Sogn-okkupantene!

På lopesedler, i «Studentforum» og andre steder har SV både sentralt og her i Tromsø stilt umulige betingelser for studentkampen. Vi må «ha støtte ifra fagbevegelsen» for vi kan «foreta oss noe» osv. Man må være døv og blind for ikke å se hvem som har et klamt grep om fagbevegelsen i dag: DNA! SV-parola om «støtte fra fagbevegelsen» er derfor ikke anna enn et rop om: Enhet studenter/arbeidere — under **ARBEIDERPARTIETS** ledelse!

Ledende SV-ere har uten blygsel gått ut mot husleiestreikene, jfr. Reidar T. på TV («tenk på pensjonistene!»), Pål Lynne Hansen i «Ny tid» under overskrifta «Rettfærdige krav eller øldrikkende studenter» osv. USV rundt omkring har ikke vært så avslørende åpenhjerta som de ledende SV-koryfeene, fordi det store flertallet av studentene har vært innstilt på kamp mot boligdyrtida. Men med en gang oppslutninga hadde dalt tilstrekkelig, stakk hoven fram både i Oslo og Bergen: SV blei en spydodd i å så mistillit til streiken og å legge den ned. Som SV-eren Pape oppsummerer i siste «Student»-forum: «— dvs. det betyr at jeg mener at streiken i år — skulle vært nedlagt i april!»

Til nå har SV lyktes i å gjøre jobben for staten i Oslo og i Bergen. Om SV får sjansen til det, er det sannsynlig at det samme vil skje her i Tromsø. Hittil har USV i Tromsø «utmerka seg» ved å opptre passivt, spre forvirring og hive seg på «strømninger i flertallet». Det tyngste og viktigste arbeidet har de rolig overlatt til streikekomiteene og NKS.

SV klarer det som AUF og DKSF pga. manglende tillit i studentmassene **ikke** klarer: Med en passelig bukett med røde fraser torpederer SV studentkampen innafra!

Endel SV-ere sier (og ganske mange folk trur) at motsigelsene mellom SV og NKS i hovedsak grunner i «taktikkeri» e.l. Dette mener vi er feilaktig. Trur virkelig noen SV-ere at det statsfinansierte SV-partiet kan føre kamp mot den staten som **sikrer SV sin eksistens?** Trur noen SV-ere at et parti, der lederne satser på å bli byråkratkapitalister i staten, kan bli ei **kampkraft mot staten?** Sjølv sagt ikke. Og at ledelsen i SV vil jobbe seg opp, det er ikke noe vi har «funnet på» for «å sverte SV». Det er ei **klart uttrykt linje** i f. eks. «Friheten», krisa kommer av «for dårlig bedriftsledelse», det står sie opp og sie ned med «vi krever statsinngrep» og «statsdrift», noe mange monopolister også går inn for å redde seg best mulig ifra krisa! Og hvem er vel ikke bedre rusta til å drive statsbutikk enn «sosialistene» i DNA og i SVledelsen?

Videre: Kan et parti, som i all sin praksis har gått inn for å nedlegge kampen mot monopolkapitalen, staten og imperialismen,

forts. siste side

Statsbudsjettet 1976

Krisebudsjett for folket Gavepakke til monopolkapitalen

Den økonomiske krisa blir breiare og djupare for kvar dag som går. Dagleg kjem det meldingar om permiteringar, oppseiingar og nedleggjing av bedrifter over heile landet.

I ly av krisa nyttar monopolane hove til å leggje ned mindre profitable bedrifter, for dermed å kunne investere i sektorar der dei har mulighet til maksimal profitt.

Statsbudsjettet er i så måte ei gavepakke. Det er eit kraftig åtak på tariffoppgjerdet, der ein gjer alvorlege forsøk på å tvinge på arbeidsfolk samordna oppgjer for alle forbunda, og «kombinert» oppgjer der staten går inn som aktiv part. Det er akkurat slik Skånlandutvalet fremja forslag om.

Eit anna særtekk ved budsjettet er sterke nedskjeringar av utgiftene til såkalla uproduktive sektorar, særleg kelse- og sosialsektoren og utdanningssektoren. Universitetet i Oslo fekk ikkje ei einaste ny stilling.

Studentøkonomien fekk et nytt kraftig åtak.

Bortebuarstipendet auka med berre 9%. I tillegg så kjem ikkje denne auken for til hosten neste år.

Det er viktig å vere klår over at den periodiske krisa som no er under full utvikling, vil fortsette og utvikle seg, og mykje tyder på at den virkelig vil

bli djup og riste heile kapitalismen kraftig. Snakket til dei borgarlege økonomane om at den vil kulliminere om få månader er toner som vi har høyrte for, for å halde massane i sjakk. Det er dei samme som etter krigen har prøvd å innbille folket at kapitalismen no var krisefri. Dei sykliske krisene — overproduksjonskrisene — er et produkt av kapitalismen og krisene vil kome attende med stuttare og stuttare frekvens, dei vil bli djupare og djupare.

I ei krisetid vil inflasjonen berre auke, derfor er 9% på langt nær kompensasjon for inflasjonen. Lånet skulle auke med 12%, noko som heller ikkje kompenserer inflasjonen og prisstigninga. Lånebyrda berre aukar og aukar. For å gjere lånebyrda endå større vert det sett nêd ein komitE som har i mandat å utrede renteberande lån i studietida!! Dette er alvorlege åtak på økonomien vår. Eit raskt regnestykke viser at det vil koste omlag 15.000 kroner i auka gjeldsbyrde om låna vert gjort renteberande i studietida.

Løna til ein adjunkt er til dømes ca. 50.000 kroner om året. Det er derfor klårt at angrepa på levevilkåra våre er angrep som vil ramme oss for 15-20 år framover, som er vanleg nedbetalingstid på låna.

Studentsamskipnaden

Den kampen som studentane over heile landet har ført for varige tilskudd til studentsamskipnadene resulterte i at tilskuddet over kap. 390 (studentsosiale midlar) auka ein del, utan at det på nokon måte løysar dei økonomiske problema i samskipnadene verken på kort eller lang sikt.

KUD's siste utspill er at den økte bevilgningen skal bli prioritert og disponert med sikte på:

1. Organisering og utbygging av regionale velferdstiltak ved undervisningsinstitusjoner på høgstolenivå der det i dag ikkje er studentsamskipnader.
2. Tiltak som åpner dei etablerte velferdsorganisasjonane for nye grupper av studerende. Utspillet er det første steget for å integrere det nye PH/DH-systemet i samskipnadene. Det betyr ei klar forverring av Samskipnaden sin økonomi, og kan berre møtes med hardare kamp!

Medan tilskuddet auka med eit par hundretusen på denne posten, så minka det med millionar på ein annan viktig post for samskipnadane.

Medan ein for 1975 fekk 16 millionar til bygging av studentboligar, vert dette redusert til 8,5 millionar for 1976. I tillegg så er

dette midlar som skal delas mellom 6 samskipnader, alle lærarskulane og alle dei nye Distriktshøgskolane. Dei siste er prioritert overst.

For oss her i Tromsø betyr det at 1. byggetrinn på Øvre Breivang som etter planen skulle stå ferdig til hausten neste år står i fare for å verte forsinka. Det samme med 2. byggetrinn på Storskogåsen. Konkret så betyr krisebudsjettet for studentane i Tromsø at boligmangelen berre vert meir og meir akutt. Staten opprettar eit Universitet for å skaffe den høgre utdanninga som monopolkapitalen treng, men vil ikkje eingong sørge for boligar til folk medan dei er under utdanning.

For økonomien i samskipnaden er statsbudsjettet eit nytt steg mot stupet. Ein har ikkje økonomi til å tilsette nye folk på dei ymse avdelingane selv om arbeidsmengda stadig blir større.

Dei lydige lakeiane for DNA-regjeringa og monopolkapitalen som sit i styret, set rolege og verksetter nye prisauker på boligane og nye forverringstiltak overfor dei ansatte.

Planane deira for 1976 syner at dei tenkjer seg ei prisauke på minst 5% på boligane. Det betyr at enkelthyblene kjem opp i 320 kr. og familieleilighetene kjem over 800 kr. pr. mnd.

Fra boligkampen

«Boligsaken er skapt av det kapitalistiske samfund. Ganske visst er slette boligforhold ingen egenhet ved dette samfund, men forekommer i alle samfund hvor der er klassesdeling og utbytning. Mens den herskende klasse alltid vil være i stand til å innrette sine boliger som det på vedkommende kulturtrinn ansees tilfredsstillende, vil de undertrykte klassers boligforhold alltid ligge under dette nivå».

(Arbeidernes leksikon, bd.I.)

Kampen mot boligdyrtid og sanering som er skapt av kapitalismen og som rammer arbeiderklassen hardest, får større omfang.

I Sandnessjøen har arbeiderne i det nystartede selskapet Nordland Offshore gått til husleienekt. Bakgrunnen er husleiesatser fra 630 — 820 kroner mnd. på henholdsvis hybelleiligheter og familieeiligheter i A.s Gjennomgangsboliger. Arbeiderne ble presentert denne regninga etter at de hadde flyttet inn, samtidig ble det klart at leia for funksjonærer i tilsvarende boliger var 220 kr. mindre pr. mnd. Arbeiderne står nå enhetlig på kravet om at leia skal senkes til «funksjonær-nivå» — inntil det har skjedd nekter de å betale husleie.

Boligene eies av Nordland Offshore, SIVA og Alstadhaug kommune som har den største aksjeposten. I kommunen er det «arbeiderflertall» av DNA og SV — partier som under valgkampen ønsket det offentlige inn i boligpolitikken «til

beste for vanlige leietakere» (SV's program).

Det hører også med til saken at den stedlige avdelingsformannen i Jern og Metall forsvant fra et møte hvor han ble bedt om å skrive under på arbeidernes aksjonsliste.


På Bjølsen i Oslo har folk etter initiativ fra Bjølsen beboerforening okkupert ti leiligheter som kommunen har latt stå tomme i lengre tid. Kommunen har svart med at leilighetene var ment for fremmedarbeidere (korttidskontrakter). Etter som dette skulle gjelde akkurat de ti okkuperte leilighetene, har okkupantene enstemmig vedtatt å tilby kommunen 11 andre tomme leiligheter i det saneringstruede området.

I Romuluslia i Trondheim har de nyinnflyttede drabantbyboerne nylig fått presentert et underskudd på 10 mill. kroner som beboerne sjøl skulle dekke ved en innskudds- og husleieøkning på 20 000 kroner pr. familie.

Almannamotet har enstemmig avvist økningen og forlanger full gransking av boligbyggelaget Ungdommens Egen Heim's byggeprestasjoner i området.

I Oslo er det dessuten husokkupasjon på Vålerenga og okkupasjon av det tidligere Læregutthjemmet. AKP (m-l), som har sendt støtteuttalelser til disse okkupasjonene, påpeker viktigheten av å kjempe mot kommunens og enkelte gårdeieres saneringspolitikk.

Studenter og arbeidere må stå sammen i kampen mot boligdyrtid



E. Haar:

«MIDLERTIDIG UTSIKT»

og sanering. Vi må avsløre og avvise splittingsforsøk som setter grupper av arbeidere og av småborgerskap opp mot hverandre (Sandnessjøen, Bjølsen, studentby-aksjonene Oslo-Bergen-Tromsø). I kampen mot boligpolitikken under monopolkapitalismen har vi felles fiende og samme interesser.

Gode eksempler på dette er den støtta husleiestreiken på studentbyene i Oslo fikk fra bl.a. boligforeninger i byen. I Tromsø fikk husleiestreiken nylig full støtte fra Vålerkvinnene og fra de NTL-organiserte på Universitetet.

STÅ PÅ —

forts. fra side 1

tingingane og vone at det er nok til at einskapen i streikefronten sprekk. Og alt tyder på at det er folk som vil gå inn for å legge ned husleiestreiken på uhyre spinkelt grunnlag. Nemleg dei som seier at det ikkje nyttar, som lovar «resultat» utan kamp, som seiar at loysinga på alle problem er at vi legg ned kampen. for det fyrste ser desse bort ifrå kven som er på offensiven for tida, kven som difor vil stå sterkt i tingingane, nemleg SS-styret. Dinstert har desse folka ikkje noko perspektiv på korleis vi kan styrke streiken og såleis legge grunnlag for å få eit bra resultat av streiken, dei står i praksis for ei «krype til krosset»-line. Dei ser bort frå alle røynder vi har frå SS-styret, der studentane sitt syn har vore nedstemt gong på gong i sak etter sak.

Opp mot lina med å legge ned kampen for «ein sukkerbete» stiller vi lina å styrke streikene. Om streikefronten avviser trugsmåla frå SS-styret, om vi syner at vi ikkje vil bøye nakken, vil vi stå i ein tusen ganger betre «tingingsposisjon» enn no. Då må staten anten gjere røyndom av trugsmåla sine eller ta fram «gulrota» dvs. gje oss resultat for å bli kvitt den «brysomme uroa» som streiken vår er. Om vi er mange nok som vil halde

BLI MED I —

forts. fra side

II Det bør drøftas om det er så at fleirtalet av studentane har sams interessar mot staten, monopolkapitalen og imperialismen. Og om det er såleis at DNA er monopola si regjering, og om dei to supermaktane USA og Sovjet står imot alle folk i verda og er deira verste fiender. Ein lyt og drøfte SV si studentpolitiske rolle, særleg no når vi har røyndom frå kampen mot Stm. 17, husleigestreikane, streikestønadsarbeide osv.

III Fronten må gå inn for allianser med andre delar av folket, særleg med arbeiderklassen. PF må kjempe for einskap i folket. Det må gå fram at arbeiderklassen sine kampar er viktigare enn dei vi studentar kan føre.

Dette er ting som vi vonar at flest mogleg med revolusjonære og progressive studentar vil vere med å drøfte i haust. Vi treng Progressiv Front i studentkampen no og framover, PF bør bli røyndom alt i haust!

STYRK STUDENTKAMPEN —

BLI MED I

PROGRESSIV FRONT!

Klassekampen skjerper seg

Styrkeforholdene mellom klassekreftene er det som avgjer kor lett eller vanskeleg det skal bli for monopolkapitalen å kaste byrdene av si eige krise over på folket. Sjøl om staten helst ville halvere stipenda våre, veit den at det er noe som er umulig uten at det samstundes reiser seg massekampar blant all ungdom under utdanning. Det er endå meir garanti for ei skjerping av klassekampen når angrepa på heile arbeiderklassen og det arbeidende folket blir så harde som dei vi ser i dag.

Heile det arbeidende folket har felles objektive interesser av å reise kampen mot krisa og dyrtida.

Når vi som studentar reiser kampen mot dei åtaka som krigsbudsjettet vil medføre for oss, så er det det same som å reise ein kamp som er i einskap med den kampen som arbeiderklassen fører.

Det er det arbeidende folket sin kamp mot krisa som er spydspissen i denne kampen. Den kampen som vi studentar fører er både rettferdig og viktig, men den er underordna arbeiderklassen sin kamp. Ei kraftig

støtte til den kampen som arbeiderklassen fører er derfor viktigast for oss, og den beste garantist for at vår eige kamp skal sigre.

Brennpunktet for studentane sin kamp mot økonomisk forverring er i dag husleigestreiken. Det er det beste kampvåpenet som vi studentar har.

Det einaste som kan gje oss resultat er KAMP — stadig kamp. Gjerde seier sjøl at «på grunn av den stadig tilbakevendende uroen så vil departementet nå vurdere å indeksregulere stipenda». Gjerde sitt problem og vår styrke er at kampen berre grip om seg, etter mange år med sosialdemokratisk ro på universitetet og i skoleverket forøvrig, ulmer det over alt i dag. Stadig fleir skjoner at det berre er kamp som nyttar og kampen reises også av fleir og fleir, oftare og oftare.

REIS EN KRAFTIG KAMP MOT DET FOLKEFIENTLIGE STATS-BUDSJETTET

FØR HUSLEIGESTREIKEN FRAM TIL SIGER

fram med å kjempe, vil det verte vanskeleg for staten å køyre den «hårde» lina ut i si ytste konsekvens: Det vil vere ein stor politisk byrde for staten å sette inn politi, jage eit par hundre studentar utpå gata midtvinters osv.

Det vert ikkje lett å stå imot presset framover, men berre ved å stå saman, ved å syne **kampvilje** og **kampevne** kan vi kome ut av streiken med resultat. Å bøye nakken no er ikkje «ein utveg» frå trugsmåla frå staten, tvertom er det ei **oppmoding** til staten om å drive klappjakt mot alle som har vore i streik til vi står ribba att. Kort sagt, fienden er sterk, **vi må også syne styrke**, ellers vil vi verte slått utan å vinne noko.

GÅ IMOT Å LEGGE NED HUSLEIESTREIKEN FOR EIN «SLIKK OG INGENTING»!

FØR HUSLEIESTREIKEN FRAM TIL SIGER!

USV om Samskipnaden:

«Strukturforandring» Prinsippiell opportunisme

USV i Tromsø og til dels Bergen har lagt for dagen ei fantastisk analyse av forholdet til parlamentariske organer, i dette tilfellet Samskipnaden. Kjerna i den er at om studenter og ansatte overgir styreflertallet til Staten alene så vil motsetningene mellom studenter og ansatte være opphevet på kort tid. For da trer Staten sitt arbeidsgiveransvar så klart fram i dagen at studenter og ansatte vil gå til felles kamp mot Staten.

Det USV sier er at bare styringsstrukturen forandres, så forandres de ansatte si bevissthet, slik at de ansatte går til kamp mot staten. Nei, dette er rein fantasi. For det første så har vi ingen tru på at de ansatte vil trekke sine representanter ut av styret. I alle fall ikke som et resultat av at en tremannskomite av glupe røde studenter har klart å overbevise dem ved å snakke om den korporative stat. Det som vil få dem til å trekke sine representanter tilbake er heller at de ansatte gjennom kamp har fått erfare at det er monopolkapitalen sin stat som er fiende og ikke studentene.

Det USV vil med analysa si er å fortelle hvor røde de er, det gjelder å holde de røde fine hendene fri for smuss. Det som er sannheta plompet en ledende USV'er i Oslo ut med: Arne Pape sier i et stort intervju med Studentforum nr. 7 1975:

«I dag mener jeg at hvis man ikke får de statstilskudd som er nødvendig for å sikre driften, må studentene overveie å trekke seg fra SIO's organer, med den begrunnelse at det er uansvarlig overfor de man er satt til å representere å føre en slik politikk».

Det som helt tydelig uttales er at det er så vanskelig å være studentpamp når midlene er så få og når en samtidig skal være rød. Lenger ned i intervjuet sies det rett ut at dersom økonomien i samskipnaden ble litt bedre så var det kanskje lurt å sitte der.


I Tromsø er denne varianten pakket inn i litt mer røde fraser, snakk om marxisme og mye mer. En snakker om at en prinsipielt er for å trekke seg fra styret. Hva slags prinsipp er dette dersom man ikke utvider det til å gjelde også andre organ som fungerer etter AKKURAT SAMME PRINSIPPET — for eksempel Universitetsstyret eller for den del kommunestyret eller stortinget, bare med den forskjell at maktforholdet i de to siste organa er ennå mer tilsjort.

Det er hykleri å beklage seg over at de ansatte i samskipnaden er så tilbakeleggende, og at en skal fikse det ved ei strukturforandring. Det finnes nok av eksempler på foretak som er statsmonopoler av lignende karakter og som har styrer som er reine statsoppnevnte styrer, uten at det er årsak til radikale arbeidere.

Om en skal sitte i styret for samskipnaden er ei taktisk vurdering. Ei vurdering av om det tjener interessekampen eller ikke og om det tjener det arbeidet som de progressive i samskipnaden utfører.

I dagens situasjon er det helt klart hva som blir konklusjonen. Husleistreiken er inne i en meget skjerp periode og alle angrep mot oss kommer fra styret i samskipnaden. Det kan derfor ha stor betydning i denne situasjonen å kunne sitte og «se generalene i kortene», rett og slett være innenfor fienden si leir og se hvilke trekk som gjøres mot oss. I tillegg er det gunstig å avsløre de reaksjonære tillitsmennene som de ansatte har i styret ved å bringe ut alle forverringstiltak de setter i verk og gjør seg til talsmenn for i styret. Særlig i forbindelse med budsjettarbeidet vil det finnes mange vedtak og uttalelser som vil være av stor verdi.

Det er dette som ligger til grunn for NKS si vurdering av hvorfor det er viktig og riktig ikke å trekke oss ut av styret slik som situasjonen er i dag. Det er noe en må vurdere konkret hele tida, det er ikke noe spørsmål om prinsipiell uenighet.



Opp som en løve — ned som en fell

USV slår seg på brystet, turer fram med mye rop om «marxisme» — og enda, slik de nå gjør i spørsmålet om Samskipnaden, i et febrilsk forsøk på å ro seg i land. Vi ber alle om å sammenligne følgende to «analyser» fra USV som er henta fra to forskjellige lopesedler:

«Analyse» 1:

«Hvis studentene og de ansatte godtar å betrakte Samskipnaden som en sløvstendig enhet **har de reelt motstridende interesser**» (vår understreking).

«Analyse» 2:

«Så lenge de ansatte godtar at samskipnaden er slik den faktisk framtrer, en sjølvstendig bedrift, og derfor aksepterer at staten unndrar seg det fulle ansvaret for den, vil de ansatte og studentene kunne

spilles (vår understreking) ut mot hverandre i en frustrerende budsjetteknisk diskusjon.

I en lopeseddel påpekte vi at USV's 1. «analyse» var rein sproyt og viste tydelig USV's brudd med marxismen. I tråd med Marx sto vi fast at kommunister aldri kan bygge en analyse på hva folk tror og sier men at vi må trenge gjennom fenomenet slik det umiddelbart framtrer, og gripe fatt i **vesenet**. Dette karakteriserer USV i sin siste lopeseddel som «NKS's halsbrekkende «Dialektikk»-øvelser». Vi takker ærbodig, og er glade for at NKS, framfor å havne sammen med USV, er havna sammen med Marx i «halsbrekkende «dialektikk»-øvelser»!

Legg ellers merke til at USV i «analyse» 1 sier at studenter og ansatte **har reelt motstridende interesser** p.g.a. et bestemt **syn** disse har. Dette sprøytet prøver USV nå å ro seg bort fra i «analyse» 2: Her heter det at ansatte og studenter **vil kunnespilles ut mot hverandre**. Ypperlig! Vi venter spent på hva USV's neste avledningsmanøver blir. Spørsmål til USV: Står dere fremdeles på det dere sier i «analyse» 1? Eller har vår halsbrekkende dialektikk-øvelse gjort underverker og fått USV ned på riktig standpunkt i **denne saka**?

En analyse av Studentsamskipnaden (SS) må, dersom den skal beskrive realiteten, være en marxistisk analyse. Dvs. vi må ta utgangspunkt i det som er det grunnleggende, i **basisen** — i det som **danner det økonomiske grunnlaget** for SS. Som marxister står vi fast at basisen er overordna overbygginga, at i spm. om SS er det økonomiske grunnlaget overordna styringsstrukturen. SV gjør feil i sin analyse av SS på grunn av et feilaktig utgangspunkt: For SV er det ikke det økonomiske grunnlaget, basisen som er det avgjørende, som er grunnpillarene i analysa — for SV er det styringsstrukturen som er viktigst, som er utgangspunktet for deres «teori». USV er derfor ikke i stand til å lansere andre opplegg for vår interessekamp i Samskipnads-sammenheng enn saker som dreier seg om det parlamentariske organet styret i SS.

Mer konkret betyr det at problemet ligger i **prinsippet om sjølffinansiering**. Dvs. det er viktig å trenge igjennom og bryte ned prinsippet om en drift av SS på rene bedriftsøkonomiske premisser der ansattes lønn er knyttet om til studentenes økonomi. Hvis det oppstår problemer i forhold til de ansatte, er det i spm. om å sikre deres arbeidsplasser. Og truselen mot arbeidsplassene kommer fra prinsippet om sjølffinansiering og **ikke** fra SS sin styringsstruktur. Det avgjørende er ikke hvor mange personer SS har eller hvem disse personene representerer, men hvordan de ansatte får sikret sine arbeidsplasser uavhengig av studentenes økonomi både reelt og formelt.

Dersom de ansatte sammen med oss går inn for å **reise krav om å bli statsansatt**, kan en av metodene som vi tar i bruk for å presse dette igjennom, være å trekke oss fra styret i SS.

BRYT MED —

forts. fra side 2

plutselig bli bra? Svaret er igjen: Sjølvagtikke! Vi vil oppfordre alle SV-ere og SV-sympatisører som ønsker å få gjort noe i husleiestreiken, i streikestøttearbeidet, anti-imperialistisk arbeid osv.:

BRYT MED PARTILINJA OG PARTIET!

VEND SV-LEDELSEN RYGGEN — VELG KAMPENS VEI!

Marx skreiv en gang om visse «arbeider»-ledere: «— det er — synd at heile bundelen av leiarar ikkje kom inn i Parlamentet. Det hadde vore den tryggaste måten å bli kvitt heile skokken på». (Sitert av Lenin i «Imperialismen og kløyvinga i sosialismen»).

SV har pr. i dag ikke så få «arbeider»-ledere i det borgerlige parlamentet. SV-ere og SV-sympatisører har stadig muligheter til å «bli kvitt hele skokken».

VEND SV-LEDELSEN RYGGEN!

«KVITT DERE MED BAGASJEN OG SETT I GANG MASKINERIE!».